

Nærings- og Fiskeridepartementet
postmottak@nfd.dep.no

Høring - NOU 2014: 16 Sjømatindustrien

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane har i møte 9. april i år, gjort følgjande vedtak i sak 41/15:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune er positive til tiltaka som er knytt til utdanning, kunnskapsproduksjon, FoU- og marknadsføringsaktivitetar.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner det er viktig med godt utdanna fagarbeidarar med kompetanse frå vidaregåande skule og fagskule, og at det finst sterke utdanningsmiljø på høgskule- og universitetsnivå for sjømatindustrien i fylket og regionen.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune går imot at sjømatinteressene skal prioriterast føre landbrukssektoren i forhandlingar relatert til marknadstilgang, som omhandlar toll og ikkje-tariffere handelshindringar.
4. Sogn og Fjordane fylkeskommune vurderer det som viktig at marknadsaktiviteten til Norges Sjømatråd vert intensivert, med dagens finansieringsmodell, for at Noreg kan halde og auke marknadssjamar internasjonalt.
5. Sogn og Fjordane fylkeskommune ser at auka grad av bearbeiding av marint råstoff vil vere ein viktig faktor i arbeidet med å styrke og vidareutvikle kystnære samfunn og bidra til auka verdiskaping lokalt, regionalt og nasjonalt. Dette må leggast vekt på i arbeidet med vidareutvikling av sjømatnæringa på sjø og land.

Tiltak retta mot fiskerinæringa:

6. Sogn og Fjordane fylkeskommune er positiv til tiltaka knytt til kontroll og tilsyn med fangst, førstehandsomsetting, mattryggleik/hygiene, arbeidsforhold og -vilkår, miljø m.m.
7. Sogn og Fjordane fylkeskommune er positiv til fritt fartøys- og reiskapsval for fiskeflåten, når det gjeld line, garn, snurrevad. Føresetnaden for fritt reiskapsval er at kvotefordelinga mellom gruppene ligg fast. Det føreset at dei regionale bindingane som har hatt til formål å hindre overdraging av fiskefartøy mellom fylke/regionar vert oppheva ved innføring av dette tiltaket.
8. Sogn og Fjordane fylkeskommune er positive til å oppheve dei geografiske/regionale avgrensingane for sal.

Sogn og Fjordane fylkeskommune er negativ til forslaget om å omsette kvotar utan kvotetak per fartøy
9. Deltakarlova § 6 om aktivitetskravet må oppretthaldast for å få tildelt fiskekvotar.
10. Sogn og Fjordane fylkeskommune viser til at intensjonane for leveringsplikt og bearbeidingsplikt ikkje fungerer i dag. Sjømatindustriutvalet sitt fleirtal går for å setje ned ein kommisjon som skal sjå på intensjonane og eventuelle tiltak for både leveringsplikt og bearbeidingsplikt og Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar dette.

11. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner at det ikkje er trong for ei endring i førstehands-omsetting for villfisk, jf. Fiskesalslaglova per i dag.
12. Sogn og Fjordane fylkeskommune er positive til forvaltning som gir større stabilitet og mindre aktivitetstopper.

Tiltak retta mot havbruksnæringa:

13. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner regelverket bør ha meir føreseielege og nøytrale kriterium for tildeling av nye konsesjonar, og det må leggest til rette for ein føreseieleg vekst.
14. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner det bør vurderast større fleksibilitet og meir like vilkår for små og store aktørar når det gjeld å utnytte MTB og høve til å flytte nytting av løyve mellom lokalitetar.
15. Det må innførast ei arealavgift som tilgodeser kommunane og fylkeskommunane. Dette for å skaffe nødvendige midlar til arealplanlegging og ulempekompensasjon.

Med helsing

Jan Heggheim
fylkesdirektør for næring

Elisabeth Aune
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift